

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker

Møtedato: 17.03.2016
Møtetid: Etter fellesrådssakene
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Westermoen, Brigt Roar Skeie, Andreas Sagstad Berg, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Bent Gunnar Næss.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 25.02.16 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000003 Nettverkssamling Namu 6.april i Centralkirken, Bergen

Denne kvelden blir det nettverkssamling for kyrkjelydar, både frå DNK og andre trussamfunn, som bruker Namu som reiskap eller som er interesserte i Namu.

Ingunn Reigstad og Per Audun Heskestad meldte seg på, og det blir kanskje med nokre fleire.

Sak 000004 Barne- og ungdomsutvalet - nye medlemmer

Bård Stokke og Kristin Brakstad Traa har sagt ja til å vere med i barne- og ungdomsutvalet.

Sak 000005 Styringsgruppe for Møteplassen - nye medlemmer?

Framleis er ikkje det avklart kven som kan vere med.

Sak 000006 Festkomite for jubileumsfesten 25.9.

Desse har sagt ja til å vere med i komiteen: Aslaug Miljeteig, Marit Sæle, Helge Hitland, Per Atle Sæle, Linda Lunga (frå staben).

Sak 000007 Oppfølgjing av det internasjonale arbeidet

Det blir gjort forsøk på å få fokus på arbeidet i media, slik at rekruttering etc kan bli lettare.

Sak 000008 Vidare planarbeid - utvalstruktur.

Saka kjem opp som FR-sak pga samla utvalsstruktur må vurderast. Strategiutvalet hører først og fremst heime under SR-sakene.

Sak 004/16 Prosjektstilling husgruppearbeid

Forslag til vedtak:

Framlegg til stillingsomtale og stillingsstorleik for prosjektstilling vert vedteke som det ligg føre. Stine Karin Sæle vert spurta om å ta stillinga og stillinga vert difor ikkje lyst ut. Administrasjonsutvalet startar evaluering 3 månader før første prosjektår går ut.

Møtebehandling:

~~Nutt framlegg til vedtak i møtet.~~

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Framlegg til stillingsomtale og stillingsstorleik for prosjektstilling vert vedteke med dei endringane som vart lagt fram i møtet. AU får fullmakt til å spørje Stine Karin Sæle om å ta stillinga, utan å lyse den ut. Administrasjonsutvalet startar evaluering 3 månader før første prosjektår går ut.

Vedtak:

Framlegg til stillingsomtale og stillingsstorleik for prosjektstilling vert vedteke med dei endringane som vart lagt fram i møtet. AU får fullmakt til å spørje Stine Karin Sæle om å ta stillinga, utan å lyse den ut. Administrasjonsutvalet startar evaluering 3 månader før første prosjektår går ut.
Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje